

## Samtykke til tverrfagleg samarbeid

Barnehage, skule og andre instansar vil alltid kontakte føresette for å få samtykke til at forhold rundt deira barn/ungdom skal bli drøfta i ressursgruppa.

Medlemmer i ressursgruppa har teieplikt. Saker som blir drøfta i ressursgruppa er unnateke det offentlege etter Helse- og omsorgslova § 3-4 og Forvaltningslova §13nr.1.



**Felles innsats i samarbeid med føresette**



## Vågå kommune Ressursgruppe

### Telefon:

Vågå ungdomsskule	612 93 900
Vågåmo skule	612 93 800
Lalm skule	995 89 612
Lalm barnehage	952 81 106
Lalm bhg: Goliat	907 67 378
Lalm bhg: Knærten	905 37 648
Søre-Grindstugu barnehage	976 05 695
	612 93 850
Tytingen gards- og naturbarnehage	954 15 125
Trudelutten barnehage	948 00 416
Helsestasjon	400 35 139/ 400 34 621
Kommunepsykolog	481 65 518
PPT	941 57 291

Nettside: [www.vaga.kommune.no](http://www.vaga.kommune.no)

Vågå kommune

## Informasjon om Ressursgruppe i Vågå kommune



**Hjelp til barn og ungdom**

# Hjelp så tidleg som råd!

I Vågå kommune har vi Ressursgruppe.

Ressursgruppa er eit samarbeidsmøte mellom føresette og fagpersonar på barn og ungdom innan helse og oppvekst.



## Ressursgruppe for barn og ungdom

Ressursgruppa er eit fora for rettleiing/drøfting for at barn/ungdom skal få rett hjelp på eit tidleg stadium.

Det er rektor, barnehagestyrar eller helsesjuepleiar som tek kontakt med gruppa for rettleiing/drøfting.

Det vil bli henta inn samtykke frå føresette før møtet.

Det er ynskjeleg at føresette og ev også barnet/ungdomen er med på møte.

For at ressursgruppa skal vurdere saka så breitt som mogleg er det både pedagogisk, helsefagleg og barnefagleg kompetanse i gruppa. Det blir fokusert på å få til konkrete tiltak og finne ut kva som kan vera til hjelp rundt barnet/ungdomen.

Faste medlemmar i ressursgruppa er:

- Helsesjuepleiar
- Barnevern
- PPT
- Kommunepsykolog

Andre kan bli kalla inn ved behov.

## Døme på saker

Ressursgruppa skal vera eit lett tilgjengeleg tilbod som kan ta tak i utfordringane så tidleg som råd.

Aktuelle saker kan vera:

- Situasjonar for eit barn som er vanskelig å handtere i kvardagen.
- Åtferdsvanskar
- Stort fråvær
- Skule / barnehagevegving
- Helseproblem
- Utfordringar i høve samarbeid heimskule /barnehage
- Osv. osv.



**Tverrfagleg blikk tek vare på fleire perspektiv.**

## Samarbeid for å hjelpe

Å drøfte saka i eit tverrfagleg samarbeid med føresette kan være ein god innfallsvinkel for å finne ut kva vanskane til barn/ungdom består i.

Kva for utfordringar strevar barnet med? Kva er prøvd, Kva er ikkje prøvd? Kva kan vera til hjelp? Kva treng barnet? Bør noko utgreiast vidare? Kva ligg det til rette for å gjere?

## Ressursgruppe

Om barnehagen, skulen eller andre instansar ynskjer å drøfte eit barn / ungdom i ressursgruppa så tek dei fyrst saka opp med føresette.

Føresette kan sjølv ta initiativ til å få rettleiing av gruppa. Ta da kontakt med enten rektor, barnehagestyrar eller helsesjuepleiar.

